



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1953

Navnet på vatnet Øvre Lilvabukt  
Kommune ..... Kjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## G R Ø V S T Ø L V A T N E T

### Fiskeanalysen vart foreteken den 18.sept. 1973.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærare stadfest sør for Breiland, og med Longaheii i nord-vest og Brendeknuten i sør-aust.

Arealet er omlag 12 ha. og h.o.h. 468 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn der største djup neppe er over ca 15 m.

Stranda består for det meste av stein og fjell som går over til gjærmebotn på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, myr og fjell. Her veks spredt bjærkeskog med einer, blåbær-og tyttebærlyng m.v. som undervegetasjon.

Hovudtilsaget fell inn i sør og kjem frå Oppstølvatnet. Bortsett frå dette fell det inn mindre bekketilsig ymse stader. Avlaupet renn ut i nord og går til Breilandsvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.6 ute på vatnet og det same i bekken frå Oppstølvatnet. Dette er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.3 mg/l og den totale hardheita 4.3 mg/l.

Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 27.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 2 vårflugelarver tilsvarande 20 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 3 muslingar, 1 fåbørstemark og 1 fjærmyggjarve eller samla 50 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er særst lite med botndyr i vatnet.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit ca. 50 m langt horisontaltrekk og vidare eit 10.0 m vertikaltrekk, med planktonhov, og begge prøvene må karakteriserast som relativt rike.

#### Fisk m.v.


Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 58 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå ut som synt nedanfor.



Skjellprøvene vi tok har diverre kome på avveggar, men dette spelar i dette høve ingen rolle. Det er på det reine at veksten har stagnert og fylgjeleg ville vi fått ein vekstkurve som ville ha lege vesentleg under normalen (5cm pr år).

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Grøvtølvatnet og vidare at vatnet er sterkt overbefolka i dag.

Ser vi på dei kjemiske tilheva så er desse gode, men botnprøvene våre gav eit magert resultat. Det var heller ikkje så rart, når ein tenkjer på det store fiskebestandet som går og beitar.

Omfarfordelinga syner at 95 % av helle fiskefangsten vart fanga på det eine småmaska garnet (omf.32) og cm-klasse inndelinga fortel at veksten har stagnert ved ca. 18 cm lengde.

Det er såleis småfiskene som fullt ut dominerar vatnet i dag og dei større fiskane er mangelvare.

Som kjent spelar nedslagsfeltet for eit vatn ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjon-

nen. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Grøvtølvatnet er ikkje av det verste. Her er mange stader eit rikt jordsmonn og vidare består undergrunnen av meir basiske bergarter. Dette er mykje viktig, då nedslagsfeltet vil vera i stand til å nøytralisere den sure nedbøren vi i dag får. Fylgjeleg får vi gode tilhøve for fisken.

Gytetilhøva for fisken i Grøvtølvatnet er særst gode i fleire av tilsigsbekkene. Det kjem såleis årleg nye årgangar med yngel og småfisk ut i vatnet, og blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp og gir seg utslag i eit småvaksbestand. Det er dette som er tilfelle i Grøvtølvatnet.

#### Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å redusere fiskebestandet, slik at det blir samsvar mellom næringsforråd og fiskebestand. Det er fleire måtar dette kan gjerast på, men ein mykje effektiv måte er å demme opp gytebekkene på båe sider, slik at vatnet vert leia inn i eit laup (kanal). Ved å montere ei ruse på øvre sida, og som dekker heile laupet, vil ein kunne få bort gytefisken og vidare den årgangen med yngel og småfisk som ville kome frå desse.

Rusa må tømast minst ein gong kvar veke i gytetida. Ved å drive dette rusefisket i 2-3 år framover vil mykje ha retta på seg. Ein vil faktisk frå år til år sjå korleis fiskekvaliteten betrar seg.

Ein annan måte å redusere bestandet på, er å kjøpe inn 5-6 småmaska garn, og drive eit hardt fiske med desse ved gytetider om hausten. Garn må setjast i nærleiken av bekkesar o.l., då det er særleg her at fisken vil stå. Garnfisket er meir arbeidskrevjande enn rusefisket, men resultatet vil jo bli det same.

I det heile er Grøvtølvatnet eit lite og oversikteleg vatn, så ved å få kontroll over gytebekkene, vil ein kunna føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Det er ingen tvil om, at ein vil kunne få fram eit mykje brukbart fiskebestand her, men det krevs interesse, noko tid og rett reiskap av dei som steller med vatnet.

Etter 4-5 år bør det takast ein ny analyse.

Stavanger 20/3 1974

Einar Berg